

Sula kommune

Alkoholpolitiske retningslinjer

2026 - 2028

VEDLEGG TIL HANDLINGSPLAN FOR RUSMIDDELARBEID
2020-2024 (VIDAREFØRT I K-SAK 111/24)
RETNINGSLINER VEDTATT 19.03.26 I K-SAK 018/26

Innhold

1	INNLEDNING:	3
2	REGLEMENT FOR TILDELING AV SALS- OG SKJENKELØYVE I SULA KOMMUNE	3
2.1	Regelverk	3
2.2	Formål med lova – Alkoholloven §1-1	3
2.3	Målsettinga for retningslinene	4
2.4	Saksbehandlingsreglar	4
3	GENERELT REGELVERK	5
3.1	Delegering	5
3.2	Definisjonar	5
3.3	Aldersgrenser	6
4	SALSLØYVE	6
4.1	Salsløyve for alkoholholdige drikk i gruppe 1	6
4.1.1	Netthandel	6
4.2	Salsløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 2 og 3	7
4.3	Salsløyve for enkelthøve – Ope arrangement	7
5	SKJENKELØYVE	7
5.1	Faste alminnelege og tidsavgrensa skjenkeløyve	8
5.1.1	Type verksemd for skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3	8
5.2	Skjenkeløyve for enkelthøve – Ope arrangement	9
5.2.1	Enkelthøve for skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 jf. Alkohollova §§ 4-2 og 4-4 gjeld for:	9
5.3	Ambulerande skjenkeløyve	9
5.3.1	Ambulerande løyve for skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 jf. 10	
5.4	Vilkår for skjenkeløyve for enkeltanledning og ambulerande skjenkeløyve	10
5.5	Unntak frå løyveplikta	10
5.6	Særlege tilfelle	11
5.7	Skjenking om bord i skip eller båtar	11
5.8	Høyringsinstansar	11
6	PRINSIPP FOR UTØVING AV SALS- OG SKJENKEPOLITIKKEN	12
6.1	Antal sals- og skjenkestadar	12

6.2	Type stad og målgruppe	12
6.3	Næringspolitiske omsyn.....	12
6.4	Omsyn til offentlig ro og orden, og til samfunnet øvrig.....	12
6.5	Vilkår til ansvarlege for skjenkeløyve	13
6.5.1	Krav til vandel	13
6.5.2	Kunnskapsprøver.....	13
6.5.3	Ansvarleg vertskap.....	14
6.5.4	Krav til internkontroll	14
6.6	Lengda på løyveperioden	14
6.7	Sals- og skjenketider.....	15
6.7.1	Salstider	15
6.7.2	Skjenketider	15
7	KRAV TIL SØKNADAR OM SALS- OG SKJENKELØYVE	16
7.1	Krav til søknad om salsløyve.....	16
7.2	Krav til søknad om faste og tidsavgrensa skjenkeløyve.....	17
7.2.1	Krav til søknad om ambulerande skjenkeløyve og skjenkeløyve for enkelthøve	17
8	BEHANDLING AV SØKNADAR.....	18
8.1	Saksbehandling.....	18
8.2	Saksbehandlingstid	18
9	KONTROLL MED SALS- OG SKJENKELØYVER.....	18
9.1	Sula kommune har med heimel i alkohollova § 9-1 ansvar for kontroll med utøving av kommunale sals- og skjenkeløyve	18
10	REAKSJONAR VED BROTT PÅ SALS- OG SKJENKEVILKÅR	19
10.1	Alkoholforskrifta § 10-3 om inndraging av sals- og skjenkeløyve.....	19
10.2	Sanksjonar ved brott på alkohollova	19
10.3	Utøving av skjøn ved tildeling av prikkar	21
10.4	Saksbehandling i kommunen ved tildeling av prikkar.....	21
11	GEBYR FOR SAL OG SKJENKING	21
11.1	Omsetningsoppgåve	22

1 INNLEDNING:

Sula kommune sitt mål er å føre ein løyvepolitikk som i størst mogleg grad avgrensar samfunnsmessige og individuelle skadeverknadar i samband med alkoholbruk, samstundes som den sikrar likebehandling og føreseielege rammevilkår for næringslivet.

Kommunen skal ved behandling av løyvesaker gjere ei individuell alkoholpolitisk vurdering. I dei alkoholpolitiske avgjerdene vert det vurdert i kor stor grad bransjeinteresse skal vere utslagsgjevande i kommunal løyvepolitikk i forhold til omsynet til folkehelsa og den førebyggjande effekten.

2 REGLEMENT FOR TILDELING AV SALS- OG SKJENKELØYVE I SULA KOMMUNE

2.1 Regelverk

Følgjande lover og forskrifter set rammer og føringar for dei alkoholpolitiske retningslinene i Sula kommune:

- [Lov av 2. juni 1989 nr 27 om omsetning av alkoholholdig drikk mm – Alkohollova.](#)
- [Forskrift av 8. juni 2005 nr 538 om omsetning av alkoholholdig drikk mm – Alkoholforskrifta.](#)
- [Lov av 13. juni 1997 nr 55 om serveringsvirksomhet – Serveringslova.](#)
- [Ruspolitisk handlingsplan for Sula kommune.](#)

2.2 Formål med lova – Alkoholloven §1-1

Regulering av innførsel og omsetting av alkoholholdige drikk etter denne lova har som mål å redusere i størst mogleg grad dei samfunnsmessige og individuelle skadar som alkoholbruk kan innebere. Som eit ledd i dette siktar lova på å avgrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.

2.3 Målsettinga for retningslinene

Gjennom alkoholpolitiske retningsliner skal kommunen legge til rette for ein heilheitleg og samla alkoholpolitikk, samt ei forutsigbar saksbehandling frå kommunen si side.

Overordna målsetting med alkoholpolitikken i Sula kommune er:

- Å redusere skadeverknader av alkohol.
- Å vere forutsigbare, tydelege og tilgjengelege.
- Vere eit styringsreiskap for å sikre forsvarlege vurderingar av lokalisering, sals- og skjenkestadar, løyveperiode, vandel og alkoholfrie møtestadar.
- Systematisk sikre at sals- og skjenkestadar overheld gjeldande regelverk.
- Skape forutsigbarheit for eksisterande og nytt næringsliv.

2.4 Saksbehandlingsreglar

- Alkohollova §1-4a seier at sal, skjenking og tilverking av alkoholhaldig drikk berre kan skje på grunnlag av løyve etter alkohollova.
- Alkohollova gir kommunane ansvar for tildeling av sals- og skjenkeløyver, og for å føre kontroll med og iverksette sanksjonar mot sals- og skjenkestadar ved eventuelle avvik på den utøvande løyvepolitikken etter den alkohollovgevinga som til ei kvar tid gjeld.
- Kommunen sitt regelverk og regulering av sals- og skjenkeregelverket er viktige verkemidlar for å redusere alkoholrelaterte skadar. Eit løyve til å selje eller skjenke alkohol er ingen rett. Kommunen skal vektlegge helse og sosialpolitiske omsyn på best måte, men samtidig er det viktig å ta næringspolitiske omsyn.
- Dei alkoholpolitiske retningslinene skal sette rammer for behandling av saker etter alkohollova, og gi politikarar, innbyggjarar og næringsdrivande ei oversikt over kva som er lagt til grunn i behandlinga av slike saker. For å sikre ei rettferdig og forutsigbar behandling av løyvesaker er det i Sula kommune sett ned egne detaljerte retningsliner for kva kommunen vektlegg i si vurdering av sakene.
- Før alminneleg skjenkeløyve vert gitt til ein serveringsstad, skal det ligge føre løyve etter Lov om serveringsverksemd.

3 GENERELT REGELVERK

3.1 Delegering

Kommunestyret er løyvemynde ved behandling av alminnelige sals- og skjenkeløyve. Med det følger:

- Vedta kommunen sin handlingsplan for rusmiddelarbeid og alkoholpolitiske retningslinjer.
- Godkjenning av sals- og skjenkeløyve – faste og tidsavgrensa.
- Fastsetting av tal på skjenkeløyve og vinmonopolutsal.

Mynde delegert til kommunedirektøren, jf. Delegeringsreglementet:.

- Søknadar om serveringsløyve.
- Søknadar om ambulerande løyve.
- Søknadar om løyve for enkelthøve.
- Utviding av eksisterande løyve for enkelthøve, også utviding av skjenkeareal.
- Godkjenne endring av styrar og avløysar for innvilga løyve.
- Fastsette frist for innlevering av omsetningsoppgåver.
- Berekne løyvegebyr.
- Kontroll med sals- og skjenkeløyver.

3.2 Definisjonar

- Alkoholfri drikk: Inneheld under 0,7% vol.
- Alkoholsvak drikk: Inneheld frå og med 0,7 til og med 2,5 % vol.
- Alkoholhaldig drikk gruppe 1: Inneheld over 2,5% og høgast 4,7% vol.
- Alkoholhaldig drikk gruppe 2: Inneheld over 4,7% og under 22% vol.
- Alkoholhaldig drikk gruppe 3: Inneheld mellom 22% og 60% vol.

3.3 Aldersgrenser

- Alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 har aldersgrense 18 år.
- Alkoholhaldig drikk i gruppe 3 har aldersgrense 20 år.

Tilsette på sals- og skjenkestadar har ved tvil om alder både plikt og rett til å kreve legitimasjon.

4 SALSLØYVE

4.1 Salsløyve for alkoholholdige drikk i gruppe 1

- Alle salsstadar som skal selje alkoholholdige drikk må ha salsløyve frå kommunen.
- Det vert ikkje gitt salsløyve for alkoholholdig drikk til bensinstasjon eller kiosk jf. Alkoholforskrifta § 3-4.
- I Sula kommune kan det gjevast salsløyve for alkoholhaldig drikk inntil 4,7% vol. til daglegvarebutikkar og spesialbutikkar.
- Det kan også gjevast løyve til sal av alkoholhaldig drikk tilverka i eiga verksemd dersom det føreligg godkjent kommunalt tilverkingsløyve. Løyve kan berre verte gitt dersom tilverkinga skal skje ved salsstaden, og at tilverkinga og salet vil utgjere ein del av staden sin heilheittleg karakter og salstilbod. jf. alkohollova § 3-1b. Dette kan vere gardsutsal og bryggeri mm.
- Det skal ikkje gjevast løyve til sal og skjenking i same lokale. Unntaksvis er dersom verksemda er eit bryggeri og det er sal og skjenking av eigne tilverka produkt. (Alkoholoven § 3-1c)

4.1.1 Netthandel

Sal av alkohol i varegruppe 1 via netthandel kan skje innanfor kommunen sine salstider for alkohol, dersom utlevering til kunde blir gjort frå:

- o Eige utsal med kommunalt salsløyve.
- o Daglegvarebutikk med kommunalt salsløyve.
- o Post i butikk, på dei vilkår som er gjort gjeldande for Vinmonopolet AS.

4.2 Salsløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 2 og 3

- Sal av alkoholhaldig drikk i gruppe 2 og 3 kan berre utførast av AS Vinmonopolet på grunnlag av kommunalt salsløyve.
- Det kan også gjevast løyve til sal av alkoholhaldig drikk i gruppe 2 og 3 tilverka i eiga verksemd dersom det føreligg godkjent kommunalt tilverkingssløyve. Løyve kan berre verte gitt dersom tilverkinga skjer ved salsstaden, og at tilverkinga og salet vil utgjere ein del av staden sin heilheitleg karakter og salstilbod. jf. alkohollova § 3-1b. Dette kan vere gardsutsal og bryggeri mm.

4.3 Salsløyve for enkelthøve – Ope arrangement

- Sal av alkohol tilverka i eiga verksemd vert regulert av alkohollova §§ 3-1b og 1-7f.
- Om bryggeri og liknande ønskjer å ta med seg det dei har produsert i eigne lokalar ut på ein marknad/festivalområde må dei ha statleg tilverkingssløyve.
- I tillegg må det søkjast om eit utvida kommunalt salsløyve for eit enkelt bestemt høve på eit spesifikt område.
- Det er forbode og skjenke i same lokalet som ein sel produkta.

5 SKJENKELØYVE

- Alle serveringsstader som skal skjenke alkoholhaldig drikk må ha skjenkeløyve frå kommunen.
- Kommunen kan innvilge faste og tidsavgrensa skjenkeløyve for alle tre alkoholgruppene samla, alternativt for berre gruppe 1 eller for gruppe 1 og 2. Type alkoholhaldig drikk som kan skjenkast kan knytast opp mot ulike driftskonsept som for eks. hotell eller anna overnattingsstad, restaurant, og rein skjenkestad.
- Det kan også innvilgast skjenkeløyve for eit ope arrangement ved eit bestemt høve, eller for eit lukka arrangement ved eit enkelt høve.
- Det kan søkjast om utandørs skjenking tilknytt serveringsstaden. Utandørs skjenkeareal skal vere tydeleg avgrensa med gjerde eller liknande. Søknaden skal innehalde kartskisse over uteområdet der gjerde, bord osv. er tydeleg markert.
- For å sikre at alkohollova sitt regelverk om skjenking til mindreårige eller openbart påverka personar, er det krav til forsvarleg vakthald ved skjenkeområdet. Ved større arrangement og skjenkestadar som har eit stort antal gjestar.

- Det skal ikkje gjevast løyve til sal og skjenking i same lokale. Unntaksvis er dersom verksomheita er eit bryggeri og det er sal og skjenking av egne tilverka produkt. (Alkoholoven § 3-1c)

5.1 Faste alminnelege og tidsavgrensa skjenkeløyve

- Faste alminneleg skjenkeløyve vert gitt som eit fast skjenkeløyve til ein bestemt stad.
- Faste tidsavgrensa skjenkeløyve vert gitt som eit fast skjenkeløyve til ein bestemt stad, og for ei tidsavgrensa periode. Eit slikt løyve skal forståast slik at gjentakande søknadar ikkje fell innanfor løyvets føremål og derfor ikkje er i samsvar med intensjon som ligg til grunn for ordninga.
- Løyvet kan gjelde for skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 (øl, vin og brennevin).
- Løyve for gruppe to inkluderar alltid gruppe 1, og løyve for gruppe 3 inkluderar alltid gruppe 1 og 2.

5.1.1 Type verksemd for skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3

- o Hotell: Til hotelldrift vil det vere knytt restaurantar, diskotek, bar, nattklubb osv. Alle desse lokala er ein naturleg del av vanleg hotelldrift og er omfatta av eit og same løyve.
- o Gardsturisme i kombinasjon med servering av tradisjonsmat og/eller overnatting.
- o Restaurantar og andre serveringsverksemder avgrensa mot eit vakse publikum der kommunen meiner at staden sin karakter tilseier at brennevin kan forsvareast.
- o Selskapslokale.
- o Kaffibarar og kaféar.
- o Reiselivsverksemder som pensjonat, vertshus, mindre overnattingsverksemder og liknande.
- o Opplevingssenter med restaurantdel.
- o Båtar i chartertrafikk – Turistrelatert.
- o Bryggeri med eige tilverkingsløyve.

5.2 Skjenkeløyve for enkelthøve – Ope arrangement

- Det kan gjevast løyve for enkelthøve. Dette er opne arrangement som festivalar, konsertar, dans mm.
- Det må vere ein styrrar og ein reservestyrrar for løyvet, og desse må ha uklanderleg vandel.
- Arrangementa kan ha ei varigheit frå 1 til 6 dagar. Dersom same søker leverer gjentakande søknader, må vedkomande søke om eit fast tidsavgrensa skjenkeløyve.
- Ved større arrangement vert det stilt ei rekkje krav til arrangøren. Eit større arrangement vert rekna som eit arrangement som er tilgjengeleg for ålmenta, og der det er eit visst farepotensial ved uforutsette hendingar. Det finst eigne rettleiarar for slike arrangement, t.d. [«Rettleiar for tryggleik ved store arrangement»](#) utarbeidd av Direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap.
- Opne arrangement vert ikkje tildelt løyve i gruppe 3 (Brennevin).

5.2.1 Enkelthøve for skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 jf. Alkoholova §§ 4-2 og 4-4 gjeld for:

- o Frittstående enkeltarrangement.
 - o I forsamlingslokale.
 - o Festivalar og dansetilstellingar.
 - o Arrangement som går over ein periode på inntil 6 dagar, kan reknast som eit enkelt høve.
 - o I kultur-, fritids- og idrettsarenaer kan det i særlege høve gjerast unntak når anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål.
- Tildeling av enkelthøve vert ikkje gitt til areal som er unnateke for skjenking i lov og forskrifter.
 - For søknader om skjenking i kommunale bygg skal sak leggast fram til behandling i F-skapet.

5.3 Ambulerande skjenkeløyve

- Ambulerande skjenkeløyve er ikkje knytt til ein bestemt person eller skjenkestad, og gjeld i slutta selskap.
- Løyvet kan gjelde for skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 (øl, vin og brennevin).
- Ambulerande løyve vert gitt til slutta selskap. Slutta selskap betyr at det allereie før skjenkinga tek til, er danna ein slutta krets av inviterte personar i eit bestemt

lokale. Arrangementet må ikkje vere ope for utanforståande. Det er ikkje nok at ein før skjenkinga tek til, skriv seg på ei liste eller kjøper billett.

5.3.1 Ambulerande løyve for skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 jf.

Alkohollova §§ 4-2 og 4-4 gjeld for:

- o Selskapslokale.
- o Verksemdar som har generelt løyve avgrensa til gruppe 1 og 2 kan søkje om ambulerande løyve for gruppe 3 i slutta lag.
- o Tildeling av ambulerande løyve/enkeltløyve vert ikkje gitt til areal som er unnateke for skjenking i lov og forskrifter.
- o For søknader om skjenking i kommunale bygg skal sak leggast fram til behandling i F-skapet.
- o I kultur-, fritids- og idrettsarenaer kan det i særlege høve gjerast unntak når anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål.

5.4 Vilkår for skjenkeløyve for enkeltanledning og ambulerande skjenkeløyve

- All skjenking av alkoholhaldig drikk mot ein eller annan form for vederlag/betaling krev løyve.
- Ansvarleg skjenkestyrar må vere fylt 20 år.
- Det er ikkje krav til bestått kunnskapsprøve i alkohollova.
- Løyvehavar er ansvarleg for at skjenkinga går føre seg etter gjeldande lover og reglar, og skal ha kontroll med all bruk av alkohol i det arrangementet løyvet gjeld for.
- Skjenketida følgjer vedtekne skjenketider for Sula kommune.

5.5 Unntak frå løyveplikta

- Det er mogleg å skjenke og drikke alkohol utan skjenkeløyve i lokale som er leigd eller lånt ut til privatpersonar for eit enkelt bestemt høve, som bryllaup, åremålsdagar, slektstreff og andre jubileum.
- Det er ein føresetnad at skjenkinga i slike høve skjer vederlagsfritt.
- Eit slikt fritak gjeld ikkje organisasjonar som leiger/låner eit lokale.

5.6 Særlege tilfelle

- I særlege tilfelle og etter nærare vurdering kan kommunestyret sjølv gjere unntak frå typar driftskonsept omhandla i pkt. 4 med omsyn til om det skal gjevast alminneleg skjenkeløyve.
- Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve til gatekjøkken, kioskar, bensinstasjonar, og serveringsstadar knytt til desse.
- Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve motorsykelklubbar med tilknytning til 1%-klubbar (motorsykelklubbar som lever etter eigne interne reglar, uavhengig av samfunnet).

5.7 Skjenking om bord i skip eller båtar

- Skip eller båtar som ønskjer alkoholserving må søkje om skjenkeløyve.
- For at skip eller båtar skal få kommunalt skjenkeløyve kan dei ikkje gå i kollektiv trafikk, men skal nyttast i samband med turist- og charterturar.
- Skip og båtar som startar og avsluttar sine turar i Sula kommune må søke om skjenkeløyve i Sula kommune.
- Gjeldande skjenke- og opningstider for serveringsstader på land gjeld også for skip og båtar.
- Det vert ikkje satt krav om skjenkeløyve frå Sula kommune dersom turen startar og endar i andre kommunar enn Sula. Dette betyr at ein kan ankre opp i Sula kommune sitt farvatn medan det vert konsumert alkoholhaldig drikk, men ikkje medan båten ligg ved kai.
- Dersom turen startar og avsluttar i andre kommunar enn Sula, kan passasjerar hentast om bord og settast i land i Sula kommune.
- Båtar og skip i kollektiv trafikk må ha statleg skjenkeløyve.

5.8 Høyringsinstansar

- Ved søknad om alminnelege sals- og skjenkeløyve skal det hentast inn sosialfagleg uttalelser og uttale frå og politiet.
- Skatte- og avgiftsmyndigheitene.
- Ved behov kan det også hentast inn uttalar frå plan- og byggesaksavdelinga, skular, grunneigar, sameige og andre aktuelle partar. Dette for å sikre at lover og retningslinjer vert overheldt.

6 PRINSIPP FOR UTØVING AV SALS- OG SKJENKEPOLITIKKEN

Ved vurdering av om løyve bør innvilgast kan kommunen blant anna leggje vekt på følgjande (alkoholova § 1-7a):

6.1 Antal sals- og skjenkestadar

- Kommunen har moglegheit til å sette tak på antal sals- og skjenkeløyve totalt, innanfor bestemte område eller i forhold til ulike driftskonsept. Det kan leggast vekt på ønskje om alkoholfrie soner eller områder i kommunen.
- Sula kommune har ikkje tak på antal løyvestadar.

6.2 Type stad og målgruppe

Ved behandling av søknad om skjenkeløyve kan det leggast vekt på:

- Skjenkestaden si målgruppe.
- Tidlegare erfaring med driftsform og plassering.
- Skjenkestaden sitt driftskonsept.
- For enkelthøve kan det i vurderinga leggast vekt på om barn og unge er ein del av målgruppa for arrangementet.

6.3 Næringspolitiske omsyn

Ved vurdering av næringspolitiske omsyn kan følgjande leggast til grunn:

- Unngå monopolsituasjonar og forskjellsbehandling.
- Ønske om å støtte opp om kommunens sin næringsstrategi.
- Løyvepolitikken skal vere forutsigbar, og med retningsliner som gir næringa godt driftsgrunnlag og konkurransevilkår. Kontroll av tildelte løyver skal sikre at sal- og skjenking skjer i tråd med lov og retningsliner.

6.4 Omsyn til offentleg ro og orden, og til samfunnet øvrig

Ved vurdering av omsyn til offentleg ro og orden kan følgjande forhold leggast til grunn:

- Omsynet til eit godt bo- og oppvekstmiljø.
- Innbyggjarane sin rett til nattero etter kl. 23.00.
- Trafikk- og ordensmessige forhold.
- Om området generelt eller staden spesielt tiltrekk støy og urolegheiter.
- Politiet kan uttale seg både om søkaren sin vandel og om sjølve søknaden. Eventuelle problem i forhold til ro og orden vil kome fram av politiet sin uttale. Negative uttale i forhold til dette omsynet, går inn i vurderinga i kvar enkelt sak.

Vurderingar knytt til punkt 6.2 – 6.4 går inn i totalvurderinga når ein skal behandle søknadar om faste, tidsavgrensa, ambulerande og enkeltløyve.

6.5 Vilkår til ansvarlege for skjenkeløyve

6.5.1 Krav til vandel

- Alkohollova sine vandelskrav til løyveharar, styrar og reservestyrar må vere oppfylt.
- Alle søknadar skal sendast til politiet for vandelssjekk, men det er kommunen som avgjer om eventuelle merknadar skal medføre at styrar eller avløyser for styrar, ikkje kan godkjennast eller at løyve ikkje kan verte gitt til søkjar.
- I vurderinga skal ein leggje vekt på:
 - o Straffbare handlingar gjort dei 10 siste åra.
 - o Eventuelle brot på skatte- og avgiftslovgjevinga.

6.5.2 Kunnskapsprøver

- Alkohollova krev at styrar og reservestyrar for sals- og skjenkeløyve må ha dokumentert kunnskap om alkohollova og regelverk gitt i medhald av denne. For å få sals- eller skjenkeløyve må ein ha bestått kunnskapsprøve om alkohollova.
- For å få behandla søknaden må dagleg leiar i tillegg dokumentere bestått etablerarprøve etter serveringslova.
- Etablerarprøve, sals- og skjenkeprøve kan ein få avlegge etter avtale med innbyggartorget i kommunen. Gebyret av fastsatt fra sentralt hald. Ved bestått prøve blir diplom utsteda til prøvetakar.

6.5.3 Ansvarleg vertskap

- Sula kommune ønskjer eit trygt og triveleg uteliv med ansvarleg vertskap i skjenkebransjen. Eit ansvarleg vertskap vil bidra til å førebyggje overskjenking, skjenking til mindreårige, vald og truslar.
- For å auke kompetansen til dei tilsette i skjenkebransjen er det utvikla eit e-læringskurs som gir ei innføring i aktuelt regelverk i alkohollova, og alkoholen sin verknad på kroppen.
- Kurset tek føre seg alkohollova, samtidig som at det set fokus på konflikthandtering og utfordringar i bransjen.
- Kurset består av seks leksjonar og ei avsluttande prøve. Ved bestått prøve får ein kursbevis. Kurset finst på norsk og engelsk.
- Alle løyvehavarar og tilsette blir oppmoda om å gjennomføre e-læringskurset på Helsedirektoratet sine nettsider innan eit år etter løyvetildeling.

6.5.4 Krav til internkontroll

- Sjekk av internkontroll går inn i kontroll med sals- og skjenkestadar.
- Internkontrollen handlar om sals- eller skjenkestaden si interne styring, og eigen kontroll av den daglege sals- og skjenkeverksemda.
- Internkontrollen inneber at dei ansvarlege for verksemda skal:
 - o Ha oversikt over løyvevedtak, relevant lovverk og lokale retningslinjer.
 - o Sørge for at dei tilsette har kunnskap og kompetanse til å overhalde krava i verksemda.
 - o Ha oversikt over korleis verksemda er organisert, og korleis ansvar og oppgåver er fordelt.
 - o Ha rutinar som sikrar at regelverket blir overheldt.
 - o Ha rutinar som førebyggjer, oppdagar og rettar opp avvik.
 - o Ha systematisk gjennomgang av internkontrollen.
- Rettleiar for internkontroll (IS-1337) syner grunnleggjande krav til eit internkontrollsystem.

6.6 Lengda på løyveperioden

- Faste alminnelege kommunalt løyve til sal og skjenking av alkoholhaldig drikk vert gitt for periodar på inntil 4 år, og med opphøyr seinast 30. september etter val av nytt kommunestyre. Slike løyver kan dessutan gjevast for ein bestemt del av året, og for ei bestemt anledning.

- Alkohollova opnar opp for at kommunen kan vedta at løyve likevel ikkje skal opphøyre, men gjelde vidare for ein ny periode på inntil 4 år med opphøyr seinast 30. september etter val av nytt kommunestyre. Kommunen kan vedta at ingen løyve skal opphøyre, eller fastsetje nærare retningsliner for kva type løyver det må søkjast om fornying for. Desse vedtaka kan kun fattast dersom kommunen etter kommunevalet har teke ein gjennomgang av dei alkoholpolitiske retningslinene i kommunen, og vurdert løyvepolitikken. Sula har nytta seg av dette ved fornying av løyver for dei siste periodane.
- Føremålet med dette er ikkje at kommunen skal spare ressursar, men i staden kunne bruke ressursane på ein annan og meir effektiv måte dersom ei fornying etter kommunen sitt skjøn ikkje er nødvendig for å trygge alkoholpolitiske omsyn. Dersom kommunen bestemmer at løyve ikkje treng ny behandling, vil kommunen kunne nytte midlar til ei grundigare oppfølging gjennom kontroll og dialogbasert samarbeid for å sikre at løyveregulverket vert ivareteke.
- I følgjande tilfelle må det likevel søkjast om nytt løyve:
 - o Ved eigarskifte.
 - o Ved brot på vilkår som er sett i løyvet.
 - o Ved for mange tildelte prikkar.
 - o Ved innspel frå politiet om mykje uro, bråk eller andre forhold på staden eller i området.
 - o Ved merknader på vandel.
- Fast tidsavgrensa løyve kan bli gitt for inntil 4 mnd.

6.7 Sals- og skjenketider

6.7.1 Salstider

- Vinmonopolet: Departementet fastset opningstida for Vinmonopolet.
- Salstider for øl i butikkane:
 - o Kvardagar og dagen før Kristi Himmelfartsdag: 08.00 – 20.00.
 - o Laurdagar og dagar før heilagdag: 08.00 – 18.00.
- Det er ikkje lov med sal på søn-, helge- og høgtidsdagar.

6.7.2 Skjenketider

- Gruppe 1 og 2 (øl og vin):
 - o Søndag – torsdag: kl. 11.00 - kl. 01.00 den neste dag.
 - o Fredag – laurdag: kl. 11.00 - kl. 02.00 den neste dag.

- Gruppe 3 (brennevin):
 - o Søndag – torsdag: kl. 13.00 – kl. 24.00.
 - o Fredag – laurdag: kl. 13.00 – kl. 02.00 den neste dag.
- I romjula/nyttårshelg og påska gjeld opningstider som for fredag og laurdag.
- Konsum av skjenka alkoholhaldig drikk må opphøyre seinast 30 minutt etter skjenketida er slutt - jf. Alkohollova §4-4.
- Ved sommartid fyl ein den til ei kvar tid gjeldande klokke. Dette vil seie:
 - o Ved innføring av sommartid siste søndag i mars vert skjenking slutt kl. 01:30 med konsumslutt kl. 02:00 (kl.02:00 vert klokka stilt til 03:00).
 - o Ved slutt på sommartid siste søndag i oktober kan det skjenkast til kl. 02:00 etter vanleg ”sommartid” (kl. 03:00 vert klokka stilt til 02:00).

7 KRAV TIL SØKNADAR OM SALS- OG SKJENKELØYVE

7.1 Krav til søknad om salsløyve

- Det må søkjast salsløyve via elektronisk søknadsskjema på Sula kommune si nettside.
- Følgjande opplysningar må leggast ved søknaden:
 - o Firmaattest eller liknande.
 - o Skatteattestar.
 - o Eventuell dokumentasjon på at dei tilsette er registrert i arbeidstakarregisteret og har lovleg arbeidskontrakt.
 - o Dokumentasjon på eige/leigeforhold av lokalet.
 - o Planskisse av lokalet.
 - o Bruksløyve frå kommunen.
 - o Stadfesting på bestått kunnskapsprøve i alkohollova for styrar og avlørsar for styrar.

7.2 Krav til søknad om faste og tidsavgrensa skjenkeløyve

- Det må søkjast skjenkeløyve via elektronisk søknadsskjema på Sula kommune si heimeside.
- Følgjande opplysningar må leggest ved søknaden:
 - o Firmaattest eller liknande.
 - o Skatteattestar.
 - o Eventuell dokumentasjon på at dei tilsette er registrert i arbeidstakarregisteret og har lovleg.
 - o Dokumentasjon på eige/leigeforhold av lokalet.
 - o Planskisse av lokalet.
 - o Bruksløyve frå kommunen.
 - o Stadfesting på bestått kunnskapsprøve i alkohollova for styrar og reservestyrrar.
 - o Skildring av type skjenkestad og driftskonsept.

7.2.1 Krav til søknad om ambulerande skjenkeløyve og skjenkeløyve for enkelthøve

- Det må søkjast skjenkeløyve via elektronisk søknadsskjema på Sula kommune si heimeside.
- Følgjande opplysningar må fyllast ut:
 - o Opplysningar om søkjar: privatperson, firma eller lag/organisasjon.
 - o Kontaktperson for søknaden.
 - o Styrar for løyvet.
 - o Avløysar for styrar for løyvet.
 - o Adresse til skjenkestaden/lokalet.
 - o Dato og klokkeslett for skjenkinga.
 - o Kva gruppe alkoholhaldig drikk som skal skjenkast.
 - o Type arrangement.
 - o Dokumentasjon om styrar har godkjent kunnskapsprøve.
 - o Skildring av type skjenkestad og driftskonsept.

8 BEHANDLING AV SØKNADAR

8.1 Saksbehandling

Alle søknadar om sals- eller skjenkeløyve vert vurdert i samsvar med alkohollova sitt regelverk, Sula kommune sin handlingsplan for rusmiddelarbeid og kommunen sine alkoholpolitiske retningslinjer.

8.2 Saksbehandlingstid

- Alkohollova § 1-11 seier at saksbehandlingsfristen på søknadar om sals- og skjenkeløyve som skal avgjerast av kommunestyret, er inntil 4 månader frå kommunen har motteke komplett søknad. Overskriding av frist vil ikkje seie at søknaden vert sett på som innvilga.
- Eigarskifte og fast utviding av areal krev også ny behandling. Ved eigarskifte kan ny eigar søkje om å selge eller skjenke alkohol på tidlegare eigar sitt løyve i inntil 3 månader, medan kommunen behandlar ny søknad om løyve. Det vert forutsett at ny søknad om løyve er sendt kommunen innan 30 dagar etter overtakelsesdato.
- Søknadar om ambulerande skjenkeløyve har søknadsfrist minimum 3 veker før arrangementet, og skal behandlast innan den tidsfristen.
- Søknader om enkeltanledning har søknadsfrist minimum 3 veker før arrangementet, og skal behandlast innan den tidsfristen.

9 KONTROLL MED SALS- OG SKJENKELØYVER

9.1 Sula kommune har med heimel i alkohollova § 9-1 ansvar for kontroll med utøving av kommunale sals- og skjenkeløyve

- Føremålet med kontroll er å sikre at sal og skjenking går føre seg innanfor rammene av gjeldande lov og regelverk.
- Kontroll av sals- og skjenkestadane i Sula kommune vert gjennomført av privat vaktsselskap etter avtale med kommunen.

- Sals- og skjenkestadane skal kontrollerast så ofte som behovet tilseier det, og minimum ein gong pr. år, jf. alkoholforskrifta §9-6. Det totale antal kontrollar skal tilseie tre gongar antal sals- og skjenkestadar i kommunen.
- Kommunen skal sikre at kontrollen til ei kvar tid er retta mot dei forhold som er hensiktsmessige etter vurdering av lokale forhold. Skriftleg rapport etter kontroll skal sendast løyvehavar for uttale samtidig som den vert sendt til løyvemyndigheita.

10 REAKSJONAR VED BROTT PÅ SALS- OG SKJENKEVILKÅR

10.1 Alkoholforskrifta § 10-3 om inndraging av sals- og skjenkeløyve

- Kommunestyret har delegert til kommunedirektøren prikktildeing etter brott på alkohollova med inntil 12 prikkar i saker utan skjerpande eller formildande omstende. Kommunedirektøren fattar enkeltvedtak om tildeing av inntil 12 prikkar.
- Kommunestyret har delegert til Formannskapet å vedta prikktildeing inntil 12 prikkar i saker med skjerpande og formildande omstende (paragraf 10-4 i forskrift).
- Kommunestyret har delegert til Formannskapet til å behandle klagesaker etter brott på alkohollova med inntil 12 prikkar.

10.2 Sanksjonar ved brott på alkohollova

Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk (alkoholforskrifta) av 8. juni 2005 nr 538 § 10-1 til 10-6 regulerer uttømande reaksjonar ved brott på alkohollova med forskrifter. Reglane vart sett i kraft 1. januar 2016, og er delt inn i 4 grupper.

- Følgjande lovbrott fører til tildeing av åtte prikkar:
 - o Sal, utlevering eller skjenking til person som er under 18 år – Er anset som ein av dei grovaste overtredelsane av alkohollova.
 - o Brott på bistandsplikta.
 - o Brott på kravet om forsvarleg drift.
 - o Hindring av kommunal kontroll.

- Følgjande lovbrod fører til tildeling av fire prikkar:
 - o Sal og utlevering til person som er openbart påverka av rusmidlar.
 - o Skjenking til person som er eller må antas å bli openbart påverka av rusmidlar.
 - o Brot på sals-, utleverings- og skjenketidsbestemmelsane.
 - o Skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 3 til person på 18 eller 19 år.
 - o Brot på alderskravet til den som sel, utleverer eller skjenker alkoholhaldig drikk.

- Følgjande lovbrod fører til tildeling av to prikkar:
 - o Det vert gitt adgang til lokalet til person som er openbart påverka av rusmidlar.
 - o Løyvehavar sørger ikkje for at person som er openbart påverka av rusmidlar forlet lokalet.
 - o Manglar ved løyvehavar sin internkontroll.
 - o Manglande levering av omsetningsoppgåve innan kommunen sin frist.
 - o Manglande betaling av løyvegebyr innan kommunen sin frist.
 - o Brot på krav om styrar og avlørsar for styrar.
 - o Gjentatt narkotikaomsetning på skjenkestaden.
 - o Gjentatt diskriminering.

- Følgjande lovbrod fører til tildeling av ein prikk:
 - o Brot på kravet om alkoholfrie alternativ.
 - o Brot på reglar om skjenkemengde.
 - o Konsum av medbrakt alkoholhaldig drikk.
 - o Gjester tek med alkohol ut av lokalet.
 - o Brot på krav om plassering av alkoholhaldig drikk på salsstad.
 - o Brot på vilkår i løyvevedtaket.
 - o Brot på reklameforbodet.
 - o Andre lovbrod som er omfatta av alkohollova.

10.3 Utøving av skjøn ved tildeling av prikkar

- Det kan tildelast færre prikkar ved brot på lovverket enn det som følgjer av §10-3 ved heilt spesielle og svært formildande høve. Både «spesielt» og «formildande» må vere oppfylt for at ein skal gjere eit unntak.
- Det kan også tildelast fleire prikkar ved brot på lovverket enn det som følgjer av §10-3 ved svært skjerpa omstende. Terskelen for å bruke ei slik avgjerd skal vere høg og fange opp dei tilfella der det føreligg grov uaktsemd eller forhold der overtredinga sin karakter er klart meir alvorleg enn normaltifella, eller der det har vorte avdekket eit betydeleg antal like brot ved staden.
- Utøving av skjøn krev skriftleg grunngjeving og eventuell tilleggsdokumentasjon slik at vedtaket kan prøvast ved ein eventuell klage.

10.4 Saksbehandling i kommunen ved tildeling av prikkar

Sakene vert handsama på grunnlag av det til ei kvar tid gjeldande delegeringsreglement.

1. Kommunen mottok melding om brot frå kontrollørar eller andre myndigheiter.
2. Kommunen sender førehandsvarsel om prikktildeling.
3. Løyvehavar har høve til å kome med forklaring, tilleggsopplysningar, eller imøtegå påstand om brot. Svarfristen er to veker frå motteke førehandsvarsel.
4. Kommunedirektøren gjer vedtak om tildeling av prikkar.
5. Ein eventuell klage vert behandla i Levekårsutvalet. Statsforvaltaren er endeleg klageorgan dersom vedtaket vert oppretthalde.

Dersom ein løyvehavar får tildelt til saman tolv prikkar i ein periode på to år, skal kommunestyret inndra løyvet for eit tidsrom på ei veke. Dersom det i to årsperioden vert tildelt meir enn tolv prikkar, skal kommunestyret auke inndragingsperioden tilsvarande.

11 GEBYR FOR SAL OG SKJENKING

- Alle som har eit fast eller tidsavgrensa sals- eller skjenkeløyve, skal kvart år betale gebyr for løyve til kommunen.
- Gebyret vert rekna ut frå antal omsette liter av øl, vin og brennevin, men ved lav omsetning må det likevel betalast eit minimumsgebyr. Kvar av alkoholgruppene er prisa forskjellig, og det er ulike prisar for sal og skjenking.
- Gebyra for sal og skjenking er fastsett i alkoholforskrifta, og vert endra med verknad frå 1. januar kvart år.

- Dei som får innvilga ambulerande skjenkeløyve eller løyve for enkeltanledning skal også betale bevillingsgebyr. Dette gebyret vert sendt søkar som eit fast eingongsgebyr når løyvet vert innvilga.
- Gebyr for ambulerande skjenkeløyve er 2026 kr. 470,-.
- Gebyr for enkeltanledning er kr. 2500,- for privatpersonar og firma som driv kommersiell drift. For lag og organisasjonar der inntekta kjem formålet til gode, vil gebyret vere det same som for eit ambulerande løyve kr 470,-.
- Gebyra som vert kravd inn skal nyttast til kommunen si utøving av førebyggjande arbeid og kontroll med sals- og skjenkestadane.

11.1 Omsetningsoppgåve

- Faste sals- og skjenkestadar må kvart år levere omsetningsoppgåve med opplysningar om antal omsette liter alkoholhaldig drikk.
- Opplysningane skal sendast inn via elektronisk skjema på kommunen si nettside.
- Omsetningsoppgåva dannar grunnlaget for berekninga av gebyret. Faktura vert sendt til løyvehavar så snart omsetningsoppgåva er kontrollert og i orden.
- Fristen for innlevering av omsetningsoppgåve er 15.mars kvart år.